



Vedtekter for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Sist endra 30.03.22.

1 **§ 1 Føremål**

2 Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er det øvste studentdemokratiske organet
3 ved Høgskulen i Volda (HVO). Studentparlamentet skal arbeide for studentane ved
4 HVO sine faglege, velferdsmessige og demokratiske rettar, og fremje studentane sitt
5 synspunkt ovanfor utdanningsinstitusjonen.

6 Underlagt Studentparlamentet finst følgjande organ; Studentparlamentet,
7 parlamentet sitt valde Arbeidsutval (AU), Studentrådet og Fadderveka i Volda.

8

9 **§ 2 Styringsdokument**

10 **§ 2-1 Vedtekter**

11 Vedtektene er organisasjonen sine overordna, formelle reglar, og er styrande for all
12 aktiviteten i Studentparlamentet. Vedtektene legg føringar og er styrande også for dei
13 andre styringsdokumenta i organisasjonen. Vedtektsendingar krev 2/3 fleirtal i
14 Studentparlamentet, jf. § 2-8.

15 **§ 2-2 Valreglement**

16 Valreglementet til Studentparlamentet gir retningslinjer for førebuing og
17 gjennomføring av val i studentparlamentet. Dette gjeld ved val verv i
18 Studentparlamentet, studentrepresentantar i råd- og utval, samt tillitsvalde. Endringar
19 i valreglementet krev også 2/3 fleirtal, jf. § 2-8.

20 **§ 2-3 Prinsippprogram**

21 Prinsippprogrammet er eit dokument om Studentparlamentet sine overordna mål, som
22 går over ein fireårsperiode. Kvart fjerde år skal nytt prinsippprogram vedtakast, men
23 det kan reviderast kvart år.

24 **§ 2-4 Arbeidsprogram**

25 Arbeidsprogrammet er retningslinjene for Studentparlamentet sitt politiske arbeid for
26 det komande studieåret. Arbeidsprogrammet skal vedtakast kvart studieår.
27 Programmet kan reviderast ytterlegare etter høve.

28 **§ 2-5 Budsjett og økonomistyring**

29 Budsjettet er Studentparlamentet sitt styringsdokument for den økonomiske drifta av
30 organisasjonen. AU har ansvar for å utarbeide forslag til budsjett og leggje det fram
31 for Studentparlamentet. AU har mynde til å gjere om på dei ulike budsjettpostane
32 med inntil 5000 kr per semester. Større endringar må vedtakast av
33 Studentparlamentet, som kan revidere budsjettet ved behov.

34 Rekneskapet følgjer kalenderåret, og blir lagt fram for godkjenning ved første
35 parlamentsmøte etter årsskiftet.

36 **§ 2-6 Forretningsorden**

37 Forretningsorden for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda fastset reglar og
38 retningslinjer for ordskiftet i parlamentsmøta.

39 **§ 2-7 Etiske retningslinjer**

40 Dei etiske retningslinjene til Studentparlamentet byggjer på vedtektene og øvrige
41 styringsdokument, og gjeld alle tillitsvalde i studentdemokratiet. Dei etiske
42 retningslinjene sørgjer for trygge rammer for våre tillitsvalde, og ryddige rutinar ved
43 evt. varsling. AU har ansvar for å årleg gå gjennom retningslinjene og føreslå
44 eventuelle endringar for Studentparlamentet.

45 **§ 2-8 Endringar i styringsdokumenta**

46 Endring i Studentparlamentet sine vedtekter og valreglement krev 2/3 fleirtal i
47 parlamentet. Gjeldande vedtekter/valreglement blir lagt til grunn for endringsforslaga.
48 Behandling av vedtekter og valreglement skal varslast to veker før møtet, og
49 endringsforslag sendt ut saman med øvrige sakspapir ei veke før møtet, med
50 innstilling frå AU eller vedtektskomite. Det er mogleg for medlemmar i AU eller
51 vedtektskomite å ta ut dissens. Vedtektskomiteen skal bestå av minst to medlemmar
52 frå AU, og maksimalt ha tre personar yttarlegare frå Studentparlamentet. Endringar i
53 vedtekter og valreglement trer i kraft når endeleg dokument er vedteke, om ikkje
54 anna er presisert i vedtaket.

55 Dei øvrige styringsdokumenta kan endrast med ordinært fleirtal, og krev ikkje særskilt
56 varsel for å bli behandla.

57 **§ 3 Studentparlamentet**

58 **§ 3-1 Samansetning**

59 Studentparlamentet er studentdemokratiet sitt øvste organ, og skal ha representantar
60 frå alle avdelingane ved HVO. Det er sett saman av elleve faste
61 studentrepresentantar og elleve varaer. Av dei elleve faste representantane, skal åtte
62 vere likt fordelt frå dei fire avdelingane. Dei resterande tre er frie representantar, og
63 fungerer som utjamningsmandat. Detaljar knytt til gjennomføring av valet er nærare
64 beskrive i Studentparlamentet sitt valreglement, § 1.

65 **§ 3-2 Representantane sitt verkeområde**

66 Representantane i Studentparlamentet har i oppgåve å representere studentane
67 gjennom t.d. å forhøyre seg på sine avdelingar og studium om saker parlamentet
68 handsamar, slik at Studentparlamentet får fram studentane sine synspunkt.
69 Representantane står fritt til å ta opp saker ein ønskjer å setje på dagsorden gjennom
70 å spele dei inn til AU. Representantane gjer vedtak i saker AU førebur for
71 parlamentet. AU står til ansvar ovanfor representantane i Studentparlamentet når det
72 gjeld å følgje opp saker og vedtak gjort av parlamentet.

73 Det skal, så tidleg det let seg gjere, veljast inn studentrepresentantar til HVO sine råd
74 og utval for inneverande studieår.

75 **§ 3-3 Arbeidsgrupper**

76 Studentparlamentet kan setje ned ei arbeidsgruppe når dei ser behov for det.
77 Arbeidsgruppa skal verte gitt eit mandat, og det skal utpeikast ein leiar som har
78 ansvar for møteinnkalling, kontinuitet i arbeidet og rapportering til
79 Studentparlamentet.

80

81 **§ 4 Møteregelement for møta i Studentparlamentet**

82 **§ 4-1 Fristar for gjennomføring av møte i Studentparlamentet**

83 Innkalling til parlamentsmøta skal skje seinast 14 dagar før møtedagen. Saker til
84 sakslista må vere sendt til AU seinast 10 dagar før møtedatoen, og sakspapir skal

85 vere utsendt seinast 7 dagar før møtedatoen. Det skal leggjast fram ein møteplan på
86 første ordinære møte i studieåret.

87 **§ 4-2 Rettar og plikter for møta i Studentparlamentet**

88 § 4-2-1 Møteplikt – plikt til å møte så langt det let seg gjere:

89 - Faste representantar i Studentparlamentet

90 - Vara i fast representant sitt fråvær

91 - AU

92 - Organisasjonskonsulent

93 - Ordstyrar

94

95 § 4-2-2 Møterett – rett til å vere til stades i møtet:

96 - Alle studentar og tilsette ved HVO.

97 - Inviterte gjester og observatørar

98 - Uønskete personar kan visast bort etter enkeltvedtak

99 § 4-2-3 Talerett – rett til å ta ordet i møtet:

100 - Alle med møteplikt

101 - Alle med møterett

102 § 4-2-4 Forslagsrett – rett til å fremje eit forslag i ei sak og få det votert over i møtet:

103 - Faste representantar i Studentparlamentet

104 - Vara med røysterett i fast representant sitt fråver

105 - AU

106 - Andre studentar, observatørar eller gjestar kan få forslagsrett ved enkeltvedtak

107 Dei som har forslagsrett, har moglegheit til å skriftleg eller via video leggje fram si

108 meining i ei sak dersom dei er forhindra frå å delta på møtet.

109 § 4-2-5 Røysterett – å ha stemmerett i saker som skal opp til votering i møtet:

110 - 11 faste representantar i Studentparlamentet

111 - Vara i fast representant sitt fråvær

112 - Sjå § 4-4 for reglar ved røystelikskep.

113 § 4-2-6 Saksfremjingsrett – å setje ei sak på sakslista og fremje saka i møtet:

114 - Studentparlamentet sine medlemmar, både faste representantar og varaer

115 - AU

116 - Andre kan få saksfremjingsrett ved enkeltvedtak

117 Fristar for å melde ordinære saker til sakslista framgår i § 4-1. Studentar med

118 saksfremjingsrett kan også melde opp saker til «eventuelt»-posten under

119 godkjenning av sakslista i møtet. Desse sakene blir då diskutert, men ikkje gjort

120 vedtak i, jf. parlamentet sin forretningsorden.

121 **§ 4-3 Møtegjennomføring**

122 AU, i samarbeid med organisasjonskonsulenten, har ansvar for at sakspapira blir

123 sendt ut til Studentparlamentet sine medlemmar (representantar og varaer), og

124 eventuelt andre partar innan gjeldande fristar, jf. §4-1. Organisasjonskonsulent skal

125 føre referat frå alle møter, med mindre det blir delegert til andre.

126 For at møter i Studentparlamentet skal vere vedtaksdyktige, må minst 2/3 av

127 medlemmane med røysterrett vere til stades. Møta skal vere fysiske, og kan berre bli

128 digitale eller i ein hybrid dersom situasjonen er av ein ekstraordinær grad. Møta

129 føregår på norsk, muntleg og skriftleg. Innlegg og replikk kan framleggjast på engelsk

130 gjennom eit enkeltvedtak. Til representantar eller vara for representantar med behov

131 for oversetjing, skal AU tilby ein tolk.

132 Studentparlamentet dekkjer ikkje reisekostnadar knytt til parlamentsmøter for

133 representantar eller vara for representantar.

134 **§ 4-4 Votering og røstelikskap**

135 Ordstyrar i møtet styrer voteringsform og voteringsorden, jf. Studentparlamentet sin

136 forretningsorden. Val blir gjort som urneval (skriftleg/hemmeleg val) dersom ein av

137 dei stemmeberettiga bed om det. Personval blir som hovudregel gjort som hemmeleg

138 val. Studentparlamentet kan berre avgje blanke stemmer i personval. Teljekorps blir

139 valt ved starten av møtet, og består av to personar. Vedtak vert gjort med alminneleg

140 fleirtal der ikkje anna er nemnt.

141 Ved røystelikskep vert det først gjennomført omval. Om også dette endar med
142 røystelikskep, får alle studentar som er til stades i rommet røysterett, forutan
143 sekretariat og ordstyrar. Om heller ikkje dette omvalet avgjer saka, blir saka utsett til
144 neste møte.

145 **§ 4-5 Ekstraordinært møte**

146 Det kan kallast inn til ekstraordinært møte i Studentparlamentet ved særleg viktige
147 saker dersom eit alminneleg fleirtal av representantane, eller eit samrøystes AU,
148 ønskjer det. Eit slikt møte skal kunngjerast seinast ei veke før møtet, og sakspapira
149 skal gjerast tilgjengeleg for representantane seinast tre dagar før møtedagen.

150

151 **§ 5 Arbeidsutvalet – AU**

152 **§ 5-1 Samansetning og formål**

153 Arbeidsutvalet (AU) er Studentparlamentet sitt dagleg arbeidande organ og førebur
154 saker for Studentparlamentet. Dei skal ha ein arbeidsomtale som er godkjent av
155 Studentparlamentet. Dei ulike arbeidsomtalaner er opne for revidering kvart år. AU
156 består av fem verv; leiar, fagansvarleg, velferdsansvarleg, informasjonsansvarleg og
157 internasjonalt ansvarleg. Studentparlamentet vel ein nestleiar blant medlemmane i
158 AU.

159 Medlemmar av AU må vere registrert student hjå Høgskulen i Volda.

160 Medlemmar i AU kan ikkje inneha verv i Høgskulestyret samstundes som ho/han sit
161 som medlem i AU. Leiar i AU kan ikkje inneha verv i styret i Studentsamskipnaden i
162 Volda samstundes som ho/han sit som leiar i Studentparlamentet.

163 **§ 5-2 AU sitt verkeområde**

164 AU skal gjennomføre tilstrekkeleg med møter til å drive god saksførebuing av alle
165 saker i Studentparlamentet, og halde den daglege drifta av organisasjonen i gang. AU
166 innstiller i sakene som blir lagt fram for Studentparlamentet. Sakene kan, der det er
167 høveleg, sendast på høyring før handsaming i Studentparlamentet.

168 AU sørger for at vedtak fatta i Studentparlamentet vert følgt opp og gjennomført, og
169 skal bruke økonomiske og personalmessige ressursar i samsvar med
170 Studentparlamentet sine styringsdokument. AU legg fram årsmelding med rekneskap
171 for kvart kalenderår for Studentparlamentet. AU legg fram sak om endringar eller
172 oppdateringar i organisasjonen sine styringsdokument når det er behov for det,

173 **§ 5-3 Funksjonstid**

174 Eit medlem av AU sit i si verv fram til eit nyvalt AU tiltrer 01.05. i inneverande år.
175 Unntak er dersom eit medlem sjølv trekkjer seg tidlegare, eller av årsaker nemnt
176 under ikkje kan inneha vervet:

- 177 a) Dersom eit medlem av AU blir stilt mistillit til, og dette får fleirtal i
178 Studentparlamentet, fyljer prosedyrer nedfelt i § 6.
179 b) Dersom eit medlem av AU sluttar som student ved HVO, må vedkomande
180 trekkje seg frå vervet sitt. Vedkomande vil inneha vervet til suppleringsval og
181 overlappingsperiode er gjennomført.

182 Avtroppande AU-medlemmar skal sikre kontinuitet og gode overgangar ved val av
183 nye medlemmar i AU. Av- og påtroppande medlemmar i AU skal delta likestilt i ein
184 overlappingsperiode som går over ein måned, med start frå 01.05. inneverande år.
185 Føremålet er opplæring av nye medlemmar.

186

187 **§ 5-4 Møtegjennomføring i AU**

188 AU styrer sjølv korleis dei driv interne møter, men skal som hovudregel møtast ein
189 gong i veka. Det skal skrivast referat frå AU-møta. Referata er offentleg tilgjengelege
190 på førespurnad, med unntak av personalsaker eller anna fortruleg informasjon.

191

192 **§ 6 Mistillit**

193 **§ 6-1 Mistillit til verv i Studentparlamentet**

194 Å delta i studentdemokratiet er eit tillitsverv. Medlemmar/varamedlemmar i
195 Studentparlamentet, AU, eller studentar valde av Studentparlamentet til verv i råd og

196 utval, kan bli stilt mistillitsforslag til i parlamentet. Vedkomande kan då verte løyst frå
197 vervet og erstatta av ein person valt av Studentparlamentet, dersom mistillitsforslaget
198 får naudsynt fleirtal (jf. § 6-2). Den som det blir stilt mistillit til, skal få høve til å uttale
199 seg.

200 **§ 6-2 Prosedyrar ved mistillit og fråtreding**

201 Mistillit må verte vedteke med 3/4 fleirtal av Studentparlamentet. Dette kan skje på eit
202 ordinært parlamentsmøte, eller eit ekstraordinært møte, jf. § 4-5. Vedtak om mistillit
203 skal skje bak lukka dører, og avstemminga skal vere skriftleg og anonym. Saker om
204 mistillit skal unndragast offentlege referat.

205 Vedkomande som får stilt mistillitsforslag mot seg, skal informerast om dette minst ei
206 veke før voteringsmøtet. AU vel ut ein eller fleire som tek ansvar for saksgongen,
207 med mindre dette møter motstand i Studentparlamentet.

208 Dersom ein fråtrer vervet, vil første vara automatisk bli hovudrepresentant for resten
209 av perioden. Dersom representanten/utvalsmedlemmet ikkje har vararepresentant,
210 eller sit i AU, og det er meir enn to møter igjen av studieåret, skal det haldast
211 suppleringsval, jf. Studentparlamentet sitt valregelement § 1-5.

212

213 **§ 7 Organisasjonskonsulent**

214 Organisasjonskonsulenten utgjer Studentparlamentet sitt sekretariat, og har det
215 daglege, administrative ansvaret for organisasjonen. Organisasjonskonsulenten er
216 tilsett av Høgskulen, som har arbeidsgjevaransvaret for vedkomande. Høgskulen
217 utarbeider stillingsomtale for organisasjonskonsulenten i samarbeid med leiar og
218 nestleiar i AU. Stillingsomtalen må godkjennast av AU i Studentparlamentet.

219 Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av
220 Studentparlamentet i samråd med Høgskulen.

221

222 **§ 8 Tillitsvalde**

223 Kwart heiltids studieprogram (årseining, bachelor- og mastergrad), vel ein tillitsvald og
224 ein varatillitsvald for klassen/kullet. Valet kan gjennomførast ope, men skal
225 gjennomførast som urneval om nokon i valkrinsen bed om det. Dei tillitsvalde vert
226 valde for eit studieår. Tillitsvalde kan be om attest for vervet.

227 Tillitsvald er ikkje likeins som kvalitetsutval. Kvalitetsutval er ikkje ein del av
228 Studentparlamentets verksemd.

229 Tillitsvalte arbeider for å ivareta studentane sine interesser på avdelings- og
230 institusjonsnivå. Dei skal også informere medstudentar på studiet om informasjon frå
231 høgare studentorgan.

232 **§ 8-1 Studentrådet**

233 Studentrådet er et forum for tillitsvalte ved HVO. Det skal gjennomførast minst eitt
234 møte kvart semester. Ansvar for planlegging, invitasjon, mobilisering og
235 gjennomføring av møtet ligg hos fagansvarleg i AU i Studentparlamentet.

236 Alle tillitsvalde ved HVO har møteplikt. Personleg vara skal tilkallast etter høve. Møta
237 blir leia av fagansvarleg i AU. Studentparlamentet sitt AU er invitert som gjestar, og
238 AU kan også invitere andre gjestar. Alle studentar ved HVO har møterett, talerett og
239 forslagsrett, men berre dei tillitsvalde har røysterett.

240

241 **§ 9 Fadderveka**

242 Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan søkje seg til styret for Fadderveka. AU har
243 ansvar for søknadsprosessen og tilsetjing av Fadderstyret. Fadderstyret består av
244 seks verv: leiar, nestleiar, sponsoransvarleg, PR-ansvarleg, arrangementsansvarleg
245 og fadderansvarleg.

246

247 **§ 10 Samarbeidsavtale mellom Studentparlamentet**
248 **og Høgskulen i Volda**

249 Studentparlamentet skal til ei kvar tid ha ein gjeldande samarbeidsavtale med
250 Høgskulen i Volda som regulerer samarbeid, forplikingar og ansvarsoppgåver
251 mellom partane. Avtalen regulerer også dei overordna, økonomiske rammene for
252 Studentparlamentet med tanke på driftsbudsjett og satsar for honorerte verv.

253 AU har mynde til å reforhandle avtalen på vegne av Studentparlamentet, og skal så
254 lagt det let seg gjere forankre dette arbeidet i parlamentet.

255